

Foreldremøte 28.08.2013. kl.18.00. 18 heimar møtte,23 foreldre. Frå skulen møtte Annemor.

Annemor orienterte om kvardagen i 1.klasse.

-Dagsplan:1.Morgonsamling(denne inneheld faste ting:gjennomgong av dagen/song/dagbok/samtale.Dagens ver og dato er det ordenselevane som har ansvar for.) Morgonsamlinga har og faglege innslag av norsk/engelsk/matte. 2. Arbeidsøkt: Denne er kort no i oppstarten. 3.Friminutt. 4.Arbeidsøkt 5.Vask/måltid 6.Friminutt. 7.Arbeidsøkt 8.Uteleik 9.Takk for i dag-samling. -Personalet i 1.klasse : Nina 9t.-Helge 7.t-Hilde 15 t.-Henriette 15t.-Annemor 21t.

- Læreverka i norsk/ matematikk/ engelsk /RLE /samfunnsfag / naturfag / Zippy's venner.

*Språkleikar: Eit undervisningsopplegg som gjer 1.klassingar meir språkleg oppmerksame; Språket vårt har ikkje berre eit innhald, men også ei form. Opplegget er delt inn i 6 avsnitt:lytteleikar -rimeleikar -setningar og ord -stavingar -framlyd -fonem. Som de sikkert har merka held me no på med lytte og rime -delen.

*Felix Fabula: Eit tverrfagleg læreverk som fylgjer ein 1.klasse det første året på skulen; gjennom oppstarten, gjennom årstidene, julehøgtida osb. Alle fag er "innbakt" i dette opplegget.

*Elle Melle: tek sikte på å gje ei leseopplæring som er tilpassa elevane sine føresetnader, samtidig som ein har lagt vekt på at den individuelle undervisninga skal vera praktisk gjennomførbar. Det er lagt vekt på eit rikt og variert billed-stoff; det å lytte og snakka har ein direkte samanheng med ferdighetar i å lesa og uttrykkja seg skriftleg. Song og musikk er også med på å gje eit variert møte med bokstavane .Elevane lærer å lesa med dei små bokstavane.Elle Melle er eit nytt læreverk i norsk i 1.klasse.

Multi: Læreverket på første trinn består av to grunnbøker og ei oppgåvebok. Det er og i bruk på 2.-3. og 4.trinn. Kvart kapittel byrjar med eit bilde og den matematiske samtalen omkring dette har ein viktig rolle i undervisninga. Dei er nokså konkrete i starten, for så å verta meir abstrakte etterkvart. Det passar oss i 1. godt!

*Cumulus:Cumulus-serien er bøker for 1-4 trinn og inneheld både naturfag og samfunnsfag. På årsplanen for 1. klasse,som de får til gjennomsyn når den er revidert, vil de finna dei enkelte emna i Cumulus plassert utover i året.

Stairs:Engelskverket Stairs 1+2 rettar seg mot elevane på første og andre trinn. Det er lite skriftleg i læreverket, og bruken av Stairs-boka er begrensa. Mykje av undervisninga er bygd opp rundt songar,rim,regler og leikar. Emna i første klasse er:**Numbers **Colours **Fruits and berries **The weather.

Zippy's venner:Mål for undervisninga: Betra barn si evne til å takla vanskar og utvikla barna si sjølvkjensle og deira sosiale dugleik og å gjera dei betre rusta til å hjelpa andre menneske når dei har det vanskeleg. I tillegg til desse læreverka arbeidar dei også i diverse arbeidshefter som me lagar når det er trong for det.

-Geburtsdagsfeiring i 1: Barnet som har dag får krune og me syng song til han/henne. Me „samlar opp" ein del geburtsdagar før elevane bakar kake til alle i klassen. Me deler gjerne ut invitasjonar dersom det er anten til alle gutar/alle jenter eller til alle i klassen.Barna som har dag før skulestart får også krune/baka.
-BASSENG. 1.klasse skal i år få gå i bassenget eit heilt år slik som dei andre klassane! Klassen vert delt i to, 12 gutar og jenter på kvar gruppe. Helge har desse timane saman med Hilde og Henriette. Annemor har resten av klassen på skulen. Bassenget startar opp når personalet har fått oppdatering i m.a. livredding i bassenget. Grupper/ dagsoversikt bading/utedag kjem i denne veka.

-UTEDAG. Utestaden til klassen er i skogen tett ved skulen. Klassen er også her delt i 2 grupper. Helge har desse timane saman med Henriette. Me vil gjennom året også vera saman heile klasse i skuleskogen. Nina har resten av klassen på skulen. Utedag/basseng-info frå Helge kjem.

-VAL. Klassekontaktane 2013/2014 vart: Kathrine Kolstad Murberg og Bjarte Grindheim. Vara: Nina Larsen og Tor Erik Kolstad Skråmestø. På vegne av klassekontaktane tok Annemor opp aktuelle saker:-

1.)Klassekasse/Trivselskasse: Skal gå til nissepakke/grillmat/julefrukost/pynt på kaker til geburtsdagsfeiring o.l. Trivselskassen fylgjer klassen heile barneskulen. Ein av klassekontaktane disponerar kontoen. Vedtak: Alle heimar betalar inn kr.100. Kontonummeret for innbetaling kjem på vekeplanen når kontoen er oppretta. 2.)Telefonliste.Det vart laga ei telefonliste på møtet.Lista vert lagt i meldemappa når alle foreldre er kontakta.3.) Klassetiltak på fritida: Klassekontaktane organiserar dette i oktober månad.

Takk for godt fram møte!

1.09.13

Helsing Annemor.